

MØTEREFERAT

Tema: Ny landkommune, Felles arbeidsmøte for arbeidsgruppene
Dato/Sted: Stordal rådhus, 26. mai 2015, kl 17:00 til 19:00+

Møteleder: Torbjørn Fylling, ordfører Ørskog kommune
Referent: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Fremmøtte: Koordinerende gruppe: Tone Roaldsnes, Torbjørn Fylling, Synnøve Vasstrand Synnes, Erlend Krumsvik

Arbeidsgruppene: Trude Fimland Sjøholt, Martin Kjøpstad, Karl Andre Birkhol, Eva Hove, Magne Værholm, Viktor Valdøl, Odd Arve Orten, Anne Marie Fiksdal, Kari Grindvik, Rolf Longva, Palma Flåen Øvrebust, Modolf Hareide, Ole Johan Høyberg, John Helge Larsen, Regine Bruteig, Malvin Harnes, Caroline Grønli

Vedlegg: Erlend Krumsvik_Ny landkommune_Tips til Analyse av SWOT2

Formålet med møtet var å dele erfaringar mellom gruppene, og koordinere arbeidet fram mot presentasjon til Styringsgruppen 8. juni 2015 i Haram.

Møtet vart gjennomført på fylgjande måte:

1. Deltakarane fekk servert mat og drikke.
2. Varaordførar i Stordal kommune, Eva Hove, ønskte velkomen.
3. Erlend Krumsvik, rådgjevar i Sunnmøre Regionråd IKS, gav møtelyden ein kort presentasjon om korleis gruppene kan samordnast med oppsummering av SWOT-analysene og konklusjonar i arbeidet.
 - a. Kort dialog/diskusjon i etterkant av presentasjonen.
 - i. Gruppene vedtok fylgjande:
 1. Kvar matrise i SWOT-analysene skal summerast opp med ein prosatekst, basert på ei samla analyse av alle innspela frå deltakarkommunane.
 2. Kvar prosatekst skal merkast med ei dekkande overskrift.
 3. Kvar gruppe skal identifisere utfordringspunkt.
 4. Kvar gruppe har vidare fridom til å dokumentere og summere opp sitt arbeid slik dei ynskjer.
 5. Endeleg rapport frå arbeidsgruppene skal leverast erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no seinast fredag 19. juni 2015.
 - b. Presentasjonen er vedlegg til dette møtereferatet, med døme for korleis vedtaka kan løysast.
4. Deltakarane i arbeidsgruppene gjekk til sine respektive grupper og vidareførte sitt gode arbeid.
 - a. Koordinerende gruppe var tilgjengeleg for spørsmål og avklaringar under arbeidsgruppene sitt arbeid.

Neste og siste felles samlingspunkt for arbeidsgruppene er mandag 8. juni 2015, i Styringsgruppens møte i Haram. Deltakarane i arbeidsgruppene bli invitert til møtet, og gruppene skal presentere sitt arbeid. Planlegg mellom 20-30 min presentasjon. Styringsgruppen vil kunne kommentere presentasjonane, og gi innspel til siste restarbeid til gruppene.

Møtet slutt: Variable tidspunkt frå kl 19:00 og ut over kvelden.